


DET NORSKE TEATRET



b13g 019062



PEER GYNT

Den framsyninga vi skal presentere er, som de nok forstår ei noko forkorta utgåve av «Peer Gynt». Mellom anna er fjerde akta skoren ned til ein monolog samansett av Peers røynsler i utlandet. Dersom vi skulle spele berre dei tre første aktene, ville sjølv konklusjonen på stykket, femte akta, mangle. Derfor har eg valt denne løysinga.

Dei andre endringane eg har gjort, vonar eg berre vil understreke dei motiva som i 1970–71 vil interessere oss mest. Den nasjonale satiren har eg derfor funne meir interessant den gongen Ibsen skreiv stykket (1867) enn i dag. Vidare vågar eg å påstå at Peer Gynt slett ikkje er typisk norsk, men eit ektefødd barn av dei dårlegaste og beste eigenskapane hos kva menneske som helst.

Vi ønskjer å vise denne framsyninga i ei så enkel og avkledd form som mogleg og med det siktepunkt å gjere unge menneske kjend med Peer som ein av si eiga tid. Musikken Øistein Sommerfeldt har laga (for solo fløyte), vonar eg understrekar den klare tonen som går som ein streng gjennom stykket.

Det er 8 unge skodespelarar som skal spele alle rollene i «Peer Gynt», og den måten vi skal gjere det på er å illudere utan større ytre verkemiddel.

Eit menneske er som ein akkord. Det kan gå i dur, moll, vere forminska eller forstørra, men det inneheld alltid fleire tonar. Det er opp til oss sjølve korleis vi skal halde balansen mellom desse, så ikkje ein av klanganen vert for dominerande.

Det er ikkje lett for unge menneske å lære sin eigen akkord å kjenne, men det er mi von at gjennom Peer Gynts leiting etter identitet kan nokre av oss verte medvitne om våre egne problem.



Denne Peer Gynt-framsyninga tar først og fremst sikte på å syne eit ungt menneske med akkurat dei same problem og lengslar som vi alle strir med. Identitetslengslen, ønsket om å vere seg sjølv.

Men kva er å vere seg sjølv?

Knappestøyparen svarar Peer slik:

Å vere seg sjølv er seg sjølv å døde,
men til deg er det fåfengt å seia slikt.
Og derfor la det kallast: overalt å gløde
med meisterens meining som livsmål og plikt.

Altså gjere seg sjølv mindre enn ein er, og å gjere seg sjølv større enn ein er.

Berre ikkje vere likesæl.

Men det er ikkje lett å vite korleis denne prosessen skal gå føre seg, for vi har alle vår private «bøyg» å kjempe med, og han vinn så altfor ofte.

Bøygen, ja – dette sentrale symbolet som Ibsen karakteriserer som: «ikkje dødt, ikkje levande. Slimet og tåket», kan vel sjåast som dette **i** og **utanfor** mennesket som vil lokka oss til å «gå utanom», til å svikte ideala våre.

Med si ustyrlige livslyst kjem Peer Gynt til først å følgje den mørke klangen i sin personlegdom og vert skremd ved erkjenninga av at dei seksuelle driftene hans driv han til Dovregubbens hall der all venleik er borte frå kjærleiken og berre parringsinstinkt er att.



PEER

AV HENRIK IBSEN

omsetjing:

regi:


musikk:

fløytesolo:



GYNT

TORMOD SKAGESTAD
INGEBJØRG SEM
ØISTEIN SOMMERFELDT
PER ØIEN




Med
NILS SLETTA som Peer Gynt
BJØRG VATLE
KARIN HAUGEN
KIRSTI KOLSTAD
GURI SEM
TORGEIR FONNLID
ODD JAN SANDSDALEN
LEIV NYBØ

regiassistent:
inspisient og turnéleiar:
lys:
sufflør:

ODD JAN SANDSDALEN
LEIV NYBØ
PER THOMASSEN
BERIT SCHJELDERUP

programlayout:
foto:
trykk:

Svein Selvig
Sturlason
Torres Trykkeri, Oslo



Den ljose klangen som går som ein streng frå mora gjennom Solveig og til slutt attende til han sjølv vert den som hjelper han gjennom vanskelege situasjonar fleire gonger i livet og vert ein målestokk for ein kjærleik han hugsar som gammal og som kan hende er den kjernen han leita etter.

Men Peer tør ikkje satse på si eiga kjærleiksevne, og av di han ikkje vågar å gi Solveig den mørke sida av seg, flyktar han frå henne.

Fluktmotivet står også sentralt i stykket. Flukt frå røyndomen, flukt frå konsekvensane og ikkje minst flukt frå seg sjølv. Peer er ein drøymar, men er draumen mindre sann enn røyndomen? Eg veit ikkje.

Etter kvart som Peer vert eldre og angsten for utsletting og knappestøyparen si skei veks i han, må han ta livet sitt opp til revisjon. Han auksjonerer bort draumane sine som verdlause – som alt han gjort i livet. Han skreller seg sjølv som ein lauk og finn berre lag på lag, ingen kjerne. Til slutt gir han også opp si eiga livsløgn: at han har vore seg sjølv gjennom heile livet. Da først «går han gjennom».

Ibsen vil kanskje vise oss at utvikling og avgrensing av «eg»-et er to sider av same sak, og at den største feil vi kan gjere mot oss sjølv, er å la vere å prøve vår avgrensing.



TANKAR OMKRING EIT REPERTOAR

Repertoaret i haustsesongen 1970, spanner over eit langt tidsrom, – skodespela som vart framførte representerer milepelar i den europeiske dramatikken, og skildrar til saman soga om vår sivilisasjon, med opphav i det greske, der «Orestien» av Aiskylos står som ein mektig inngangsportal, – fram til denne sivilisasjonens neste store høgdepunkt, renessansen, som faldar seg ut rikast og mest mangfoldig i Shakespeares diktning med «Stormen» som eit sentralt verk frå hans mogne alder, – og vidare fram til vår sivilisasjons degenerering og forfall, slik vi opplever det i dag, skildra på unik måte av Samuel Beckett i hans «Mens vi ventar på Godot» og Witold Gombrowicz i «Operette».

I begge desse moderne sceneverk er europearen komen til vegg ende: hos Beckett i vonlaus venting på Godot, hos Gombrowicz enno med ei desperat von om at det nakne naturlege menneske kan stige opp av sivilisasjonens ruinhaug og fri seg frå sine tyngjande drakter av konvensjon og av utlevde mønster for liv og åtferd. Konflikten mellom natur og kultur går gjennom heile denne sivilisasjonssoga, og gjennom dei store skodespel vi i løpet av hausten har prøvd å gje scenisk liv.

Denne konflikten pregar også den dramatik som står på spelplanen i resten av sesongen: Ibsens «Hedda Gabler» med alle sine vakre naturgjevne krefter frustrerte i det viktorianske korsett, sprengde av det, – den spanske Barnarda Albas fem ulykkelege døtre, med alt sitt driftsliv og all sin menneskelege natur stengd inne bak kvite murar av katolisisme og spansk moral. Og på andre sida grekaren Zorba som har kraft og mot til å bryte ut av fastlagde mønster og la liv og livsglede strøyme fritt, – og som gjennom den greske songen og dansen knyter trådane attende til dei Dionysos-festar Hedda Gabler drøymmer om i statsrådinne Falks villa. Eit anna utslag av opprør mot sivilisasjonen opplever vi i hippie-musicalen «Hair» som sist i februar gjestar Det Norske Teatret, framført av engelske artistar.

Natur og kultur – mennesket i kamp med naturen i og utanfor seg, adla av kampen, men til det står utan kontakt med naturen, trellbundne av sin sjølvskapte kultur – det er hovudmønstret i repertoaret denne sesongen.

Tormod Skagestad



Botney · 68